

Naturvernforbundet i Orklaregionen
v/Mads Løkeland
Emmavegen 34
7300 Orkanger


nve@nve.no

Orkanger 03.05.2013

Høring av melding om Snillfjord kraftverk i Sør Trøndelag


Vi viser til ref: NVE 201208045-7 kv/maca om melding av Snillfjord kraftverk, og ønsker å uttale oss om dette. Vi vil oppsummere kommentarane våre slik:

1. 60% av tilgjengelig vasskraft er bygget ut og 70% av elvene er regulerte, og det er viktig å ta vare på resten. Den planlagde utbygginga har så store negative miljøkonsekvensar at tiltaket bør blir avvist.
2. Tiltaket kan vera i strid med naturmangfoldlova:
 - a. §14: «Tiltak etter loven skal avveies mot andre viktige samfunnsinteresser»
Vi vil hevde at tapet av miljøverdier og for friluftsliv er vesentleg større enn det samfunnsmessige behovet for å byggja ut ny kraft. Tiltaket kan difor vera i strid med §14.
 - b. §12: «For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.»
Investering i energieffektivisering og sparing kan oppfylle målsettinga om ny energi, og kan gi «de beste samfunnsmessige resultater» fordi målsettinga blir oppnådd utan tap av naturverdier. Inntil potensialet for energieffektivisering og sparing er uttømt, kan det dermed vera i strid med lova å gje løyve til så store naturinngrep som det er tale om her.
3. Songlieigedomen blir vurdert i samheng med «Landsvernplanen for statlige kulturhistoriske eieendommer i Midt Norge». Tørrlegging av Sagelva vil påverke landskapet og verneverdiane negativt.
4. Tiltaket gir uakseptabelt store miljømessige konsekvensar.
 - a. Stans i tap av INON-område og restaurering av INON-område er nasjonale målsettingar, og området ned mot Snillfjorden har stort potensiale for restaurering ved omlegging eller snering av kraftlina som går nær Aunelva. Ein vil kunne få eit samhengande INON-område frå fjord til fjell, og dermed spesielt verneverdig. Tap av INON-området bør også bli vurdert opp mot situasjonen etter ei eventuell restaurering av området.



Karta antyder INON før og etter eventuell flytting av kraftline.

- b. Sagelva blir tørrlagt frå Våvatnet til Songsjøen og gjennomstrøyminga av vatn i Songsjøen blir forsvinnande liten. Utløpet av Sagelva i Songsjøen er registrert som viktig deltaområde i *Naturbase*, viktig for bever og fugl. Det er stor aktivitet av bever i Sagelva, med Orkdals største beverdam. Ei tørrlegging kan rasere kvalitetane i dette deltaet og også få alvorlege konsekvensar for gytinga til auren i Songsjøen. Vi vil også vise til at Songsjøen tidlegare har vore sentral i fiskeforskning med utgangspunkt i Songli forsøksgård. Det er for tida debatt om framtidig bruk av Songli/ Grytdalen, og forskingsmiljøa i Trondheim (NINA og NTNU) ønskjer å bruke området til forskning. Det planlagde inngrepet kan vera til hinder for framtidig forskingsaktivitet. Vi vil generelt sett også peike på at ein skal vera varsam med naturinngrep i vassdrag som ligg inntil eit verneområde (Grytdalen naturreservat).



Naturbase viser viktige verneverdiar ved utløpet av Sagelva.

- c. Vi vil peike på følgjene av redusert vassføring i Songa, nedstraums Songsjøen, og ikkje minst verknaden av redusert flaum.
- d. Redusert vassføring i Skjenaldelva vil få negative følgjer for anadrome fiskeslag og for fritidsfiske. Vi vil også reise spørsmålet om redusert vassføring og redusert flom i Skjenaldelva kan få konsekvensar for verneverdiane i det kommunalt verna våtmarksområdet Råbygdsfjæra.
- e. Tap av landskapsverdiar langs Snilldalselvas øvre løp.
- f. Landskapsverdiar og biologiske verdiar i Aunelva går tapt.

Til planprogrammet

Planprogrammet omhandlar dei fleste spørsmål som det er viktig å få belyst gjennom KU, men vi har innspel til fleire punkt som bør bli med:

1. Vurdere tiltaket opp mot § 12 og § 14 i naturmangfaldlova, slik vi har omtalt først i brevet.
2. Tilleggsvurdering av INON-tap gjennom å ta med potensialet ved eventuell restaurering av INON-område ved omlegging/ sanering av eksisterande kraftline i området.
3. Vurdere kva følgjer tiltaket kan få for eventuell framtidig forskning på ferskvassøkologi i Sagelva/ Songsjøen? Vi viser til NINA og NTNU, som ønskjer å kunne bruke Grytdalen/ Songli til forskning.
4. Vurdere minstevassføring for Sagelva som avbøtande tiltak.

5. Vurdere om utbygginga vil påverke verneverdiane i Grytdalen.
6. Vurdere korleis utbygginga vil påverke verneverdiane for Songli, sett i samanheng med «Landsvernplanen for statlige kulturhistoriske eiendommer i Midt Norge».
7. Kan redusert vassføring og redusert flom i Skjenaldelva påverka kvalitetane i verneområdet Råbygdsfjæra (kommunalt vern)?
8. Bruk av Våvatnet som magasin for eit anna kraftverk enn i dagens reguleringsformål krev eit nytt reguleiringsvedtak, og opnar for ny vurdering av reguleringa gjennom året. Ein bør vurdere eventuelle gevinstar for landskap og biologi gjennom endra regulering av Våvatnet.
9. Tiltakshavar ønskjer ikkje å vurdere eit utbyggingsalternativ utan Snilldalselva og/eller Aunelva. Vi tolkar dette slik at dersom ein vurderer tap av naturverdiar i Snilldalselva og/eller Aunelva som så stort at desse elvene skal liggja i fred, så er all utbygging uaktuell. Dette må bli avklart nærare i utgreiinga.

Beste helsing

Mads Løkeland

mads.loekeland@gmail.com

95056726

Vedlegg:

- Forskingsinstitusjonane om bruk av Grytdalen/ Songli
- Avisoppslag frå biologimiljøet ved NTNU